



2014

# Dokumentasjon og forskning



Ryfylkemuseet

18.02.2014

Kulturdepartementet ber i tildelingsbrevet for 2013 om at musea i budsjettsøknaden for 2015 gjer greie for «status og strategiar for forskning og kunnskapsutvikling, deltaking i FoU-prosjekt og kontakt med andre FoU-miljø». Departementet ber vidare om

- Rapportering om plan for forskning, talet på større publikasjonar, talet på artiklar som er fagfellevurderte, talet på andre forskingspublikasjonar, deltaking i formalisert FoU-samarbeid
- Talet på tilsette med doktorgrad/førstestillingskompetanse, talet på tilsette med autorasjon som førstekonservator NMF og konservator NMF

Som grunnlag for svar på desse spørsmåla har vi utarbeidd dette grunnlaget for vidare arbeid med forskings- og kunnskapsutviklinga på museet.

Styret slutta seg til framlegget i møte 18. februar 2014 (sak 04/14).

## **FORSKING**

Kjenneteiknet på forskning er at det tar utgangspunkt i ei problemstilling og bygger på eit teoretisk resonnement. I prinsippet er ikkje forskning ved musea annleis enn anna forskning, men musea har eit særleg ansvar for å vise den rolla og betydninga materielle leivningar har som meiningsberande element i ein større samanheng.

Dokumentasjon er eit grunnlag for forskingsaktivitet, og kan vera ein viktig del av eit forskingsprosjekt, men det oppfyller ikkje krava til forskning i seg sjølv. Det er først når dokumentasjonen blir samanstilt med andre kjelder for å finne svar på eksplisitte problemstillingar ein kan tala om forskning.

Innsamling og dokumentasjon bør bygge på formulerte problemstillingar, og såleis danne grunnlag for vidare bearbeiding fram til produksjon av ny kunnskap. På den andre sida er innsamling av materiale og kjeldata, og forvaltning av samlingane, ein avgjerande føresetnad for kunnskapsproduksjon. Ein må såleis sjå ein plan for forskning og dokumentasjon i nær samanheng med ein plan for innsamling og forvaltning.

Museet utarbeidde i 2008 ein «Plan for innsamling og forskning ved Ryfylkemuseet». Nedanfor følgjer eit oversyn over korleis det har gått med dei planane vi la for slik aktivitet ved museet dei åra som har gått sidan planen blei laga.

## RESULTAT 2008-2013

PRIORITERTE OPPGÅVER I PLANEN FRÅ 2008	RESULTAT
Viga – frukt-, gards- og bygdehistorie	Gjennomført omfattande restaurering av bygningane. Dokumentasjons- og forskingsarbeid publisert i bygdebøker, rapport om frukt og bær dyrking og årboka Folk i Ryfylke. Behov for supplerande dokumentasjon og forskingsinnsats. Planlagde formidlingstiltak 2015.
Suldal bygdebok – gamle Jelsa kommune	Gjennomført etter plan. Jelsa I ugitt 2011, Jelsa II 2013 og Jelsa III 2014. Det er gjort avtale om vidareføring av bygdebokprosjektet for gamle Suldal kommune.
Suldal bygdebok - kultursoga	Det har ikkje vore politisk vilje i Suldal kommune til å gjennomføre prosjektet slik som planlagt av bygdeboknemnda.
Den handlingsborne kunnskapen	Det har vore arbeidd systematisk med framhenting, dokumentasjon og vidareføring av tradisjonskunnskapen i handverksfaga. Det har vore arbeidd med følgjande kunnskapsområde: <ul style="list-style-type: none"><li>- Stavkonstruksjonen (grind)</li><li>- Laft – kinningslaft og sinklaft</li><li>- Materiale som virke og dimensjonshogst</li><li>- Tekking med never og torv</li><li>- Riving av never</li><li>- Tekking med villheller</li><li>- Tradisjonsmuring med og utan leire</li><li>- Kalking</li><li>- Sliping av tradisjonelt handverktøy</li><li>- Høvelmaking og høvelbruk</li></ul> Delar av arbeidsfeltet er blitt henta fram og formidla gjennom prosjekt der ein lærer gjennom å gjera. Prosjekta har vore opne for handverkarar som ønskjer å læra seg tradisjonsfag. For å vekka interessa for tradisjonsfag, har museet opna for ulike former for praksisplasser for ungdomskuleelevar og elevar ved vg. Byggfag. Museet er godkjent som lærebedrift og har hatt lærling i to

	periodar.
Industri og kraftforsyning	<p>Tidleg på 1980-talet gjennomførte vi ein relativt omfattande dokumentasjon av Ulla-Førre-anlegga, og formidla resultata av dette i to bøker og ei utstilling.</p> <p>Det har vore arbeidd mye med å skape eit grunnlag for å ta i bruk Søndenaåhavns kraftstasjon (Stasjon III) til arkiv- og museumsfunksjonar.</p> <p>Vi har hatt ei aktiv rolle i arbeidet med sikring og ordning av Sauda lokalarkiv. Arbeidet held fram.</p> <p>Vi er engasjerte til å skrive jubileumssoga for Røldal Suldal Kraft.</p> <p>Vi er inviterte med i eit samarbeid for å fremje dokumentasjon og formidling av krafthistoria i Lysefjorden. Det blir i 2013/2014 arbeidd med eit forprosjekt.</p>
Kulturelt mangfald	<p>Museet har eit langvarig og breitt engasjement mot det kulturelle mangfaldet med gjennomføring av fleire dokumentasjonsprosjekt, utstillingar, publikasjonar, engasjement og tilsetning av innvandrarar og drift av internasjonal kafé.</p> <p>Mellom dei viktigaste tiltaka har vore desse:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– <i>Den lange vegen</i>, utstilling, 1998</li> <li>– <i>Den lange vegen – Rapport om den fleirkulturelle utfordringa</i>, 1999</li> <li>– <i>Den fleirkulturelle bygda – Rapport om innvandring i Ryfylke</i>, 2002</li> <li>– <i>Migranten og kvardagslivet – Ei undersøking av tru og kvardagsliv</i>, 2005</li> <li>– <i>Din myte- mi forteljing</i>, utstilling, 2005</li> </ul> <p>Vi har ikkje lukkast med omframfinansiering av nye prosjekt etter dette.</p>
Springar og halling i Suldal	Blei ikkje fullført.

I tillegg til denne lista over område som forsøksvis skulle prioriterast, omtalte planen følgjande oppgåver, utan at det blei formulert mål for desse:

- Drivhusnæringa, med vekt på tomatdyrkinga
- Skog- og sagbruk

- Kulturlandskapet
- Sand- og steinindustrien
- Bedehuskulturen
- Turisme
- Fjordafarten
- Barnekulturen

Gjennom særskilt løyving frå Ryfylkefondet blei det i perioden 2010-2011 gjennomført ein omfattande dokumentasjon av bedehusa i Ryfylke, og livet i og rundt desse. Resultata av prosjektet blei presentert i ei utstilling på Betel, Judaberg, og i Folk i Ryfylke 2011.

Som eit svar på det vi oppfatta som ei utfordring om å delta i merkevarerbygginga i Ryfylke, søkte vi om og oppnådde i 2009 tilsegn frå Ryfylkefondet om midlar til å gjennomføre følgjande prosjekt:

PROSJEKT	RESULTAT
Brød og mjøl – den tidlege industrien på Tau	Vi ga i 2010 ut ei årbok med tema om industrihistoria på Tau. Vi har ikkje oppnådd nødvendig tilskott frå Strand kommune til å fullfinansierer prosjektet. Prosjektet står derfor på vent.
Frukt og bær – landbrukshistorie frå Hjelmeland, knytt til Viga	Her er mye av grunnlagsmaterialet på plass og for ein stor del publisert tidlegare. Planlegging av formidlingstiltak vil starte i 2014.
Tomatøyane – drivhusnæringa i Finnøy (og Rennesøy)	Er førebels ikkje arbeidd med. Finnøy er i ferd med å melde seg ut av Ryfylke-samarbeidet. Vi er usikre på om det får innverknad på løyving til delprosjektet.
Sand og stein – historisk næring i Forsand og nyare i Strand og Suldal	Forsand ønskjer å prioritere krafthistoria. Vi deltar i utviklinga av eit forprosjekt om dette, og vil be om omdisponering av midlane frå Ryfylkefondet.
Mitt Ryfylke – kva er Ryfylke	Prosjektet er gjennomført. Det blei opna utstilling om temaet på Sand i november 2013.

Ein ikkje uviktig del av forskinga ved Ryfylkemuseet går føre seg i tilknytning til utgiving av årboka FOLK i Ryfylke. Dei siste åra har årbøkene handla om desse tema:

ÅRGANG	TEMA
2008	<u>Husmannsplasset</u> . Artiklar om husmannsskipnaden og dei to husmannsplassa som museet forvaltar: Røynevarden og Bakken.
2009	<u>Kvitsøy hummarmuseum</u> . Artiklar om hummarfisket, fiskarliv og anna fiskerihistorie.
2010	<u>Mølleparken</u> . Artiklar om industrihistoria på Tau, industristader og livet kring den tidlege industrien.
2011	<u>Bedehus</u> . Om lekmannsrørsla og bedehusa i Ryfylke.
2012	<u>Industristaden</u> . Artiklar om industrihistoria i Sauda og livet i og rundt anlegg og bedrift.
2013	<u>Ryfylkemuseet</u> . Museumshistorie.

## NYE OPPGÅVER

Det har ikkje kome til mange nye tema sidan den førre planen blei laga. Det har meir handla om å utvikle tankar om tiltak i forlenginga, eller som utviding av tema som alt er mellom dei prioriterte arbeidsområda til museet. Men eitt heilt nytt fagfelt har kome til: Historia til Fjøløy fort.

Fjøløy fort ligg i Rennesøy, og er nyleg frigitt for offentleg bruk. Rennesøy kommune ønskjer å etablere tiltak for å formidle historia til fortet. Det vil vera behov for å gjennomføre både dokumentasjonsoppgåver og forskingsoppgåver for å få eit grunnlag for formidling av denne historia. Ryfylkemuseet, eller vi som arbeider her, har ikkje tidlegare arbeidd med militær- eller krigshistorie. Dette vil såleis bety opning av eit heilt nytt forskingsfelt, og som truleg vil krevje særlege ressursar, da vi antar at ein del av kjeldematerialet er i Tyskland.

Den immaterielle delen av kulturarven er blitt sterkare vektlagt i denne perioden, særleg som følge av at Norge har ratifisert UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv. Ryfylkemuseet har utvikla eit sterkt engasjement mot dette arbeidsfeltet gjennom den måten vi arbeider på med bygningsvernet. Vi har og eit grunnlag for dette arbeidet gjennom oppgåva som vertskap for folkemusikkarkivet for Rogaland. Vi har dessutan engasjert oss noe i innsamling og dokumentasjon av mattradisjonar. Det vil vera naturleg å styrke arbeidet med den immaterielle kulturarven.

Som ei forlenging av temaet «fjordafart», har vi utvikla ein ide om å dokumentere og formidle ferjefylket Ryfylke. Overgangen frå ferjer og hurtigbåtar, til fastlandssamband gjennom tunnellar og bruer, er på veg til å bli fullført. Dette er ei stor omlegging av samferdsla i regionen, og den største etter overgangen frå fjordabåtar til vegstubbar og ferjer på 1960-talet. Det burde framstå som ei prioritert oppgåve å gjennomføre ein dokumentasjon av denne endringa, og det burde vera naturleg for Ryfylkemuseet å ta på seg oppgåva.

Endeleg ser det ut til at arbeidet med krafthistoria, som har vore ein viktig del av menyen vår like sidan etableringa av museet som regionmuseum i 1981, er i ferd med å få nye føresetnadar for framsteg. Det er eit forsterka engasjement kring krafthistoria og industristadhistoria i Sauda, vi er engasjerte til å skrive jubileumssoge for Røldal Suldal Kraft, og vi er inviterte med på eit forprosjekt for dokumentasjon og formidling av krafthistoria i Lysefjorden.

## MÅL

I den siste museumsmeldinga (St.meld. nr. 49 (2008-2009) – Framtidas museum) legg Kulturdepartementet vekt på at verksemda ved musea skal vera kunnskapsbasert, og at musea skal ha ein innsamlingspolitikk som er forankra i «samfunnets kunnskapsbehov og forskningsbaserte problemstillinger». Departementet skriv at det gjerne ser at dei faglege museumsnettverka «i enda større grad enn i dag benyttes til å utvikle innsamlingsstrategier, forskningsprosjekt og samarbeid om innsamling og forskning». Det siste blir understreka i det siste forslaget til statsbudsjett frå den avtroppande regjeringa, der departementet skriv at «forskning og kunnskapsutvikling er et nødvendig faglig grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling, og skal utvikles ved økt forskningssamarbeid mellom museer og forskningsmiljøer».

Departementet seier i museumsmeldinga at handlingsboren kunnskap og mangfaldsperspektivet skal ha ei prioritert stilling. Den nye regjeringa har varsla at det vil bli mindre «skal» i framtidige dokument.

Det er inga motseiing mellom dei sentrale føringane for verksemda og våre eigne mål, men vi har ikkje fått til noe omfattande forskningssamarbeid med andre museum og forskningsmiljø. Der vi har kome lengst er gjennom prosjektsamarbeid innafor nettverka, særleg i Byggnettverket og Mangfaldsnettverket.

## RESSURSAR

Føresetnaden for å kunne gjennomføre forskingsprosjekt er sjølvstekt at ein både har nødvendig kompetanse og tid til å drive med slikt. Sjølv om det generelt er slik at det sitt ein

del folk med relevant forskingskompetanse kring om på musea, har det ikkje vore tradisjon for å setta av særleg tid til slike aktivitetar. Slik er det også hos oss.

Kompetansen er for tida fordelt slik ved Ryfylkemuseet:

- Tre seniorar har førstestillings- eller professorkompetanse i historie eller etnologi: Trygve Brandal, Ernst Berge Drange og Roy Høibo.
- Vi har ein bygningsavdeling med høg kompetanse på handlingsboren kunnskap: Sven Hoftun, Kjell Johnsen, Kjell Gunnar Haraldseid og Grete Holmboe.
- Fire tilsette har mastergrad: Anette Opheim (historie), Kjersti Moe (friluftsliv, natur- og kulturretleiing), Janneke Wijergangs (biologi), Tove Solheim (tradisjonskunst).

Det bør vera eit mål at fleire av dei yngre kvalifiserer seg for kompetanse som konservator og etter kvart førstekonservator etter ordninga til Norges Museumsforbund. Forholda bør leggast til rette for å kunne arbeide med oppgåver som fører fram til grunnlag for slik kompetanse.

Føresetnaden for å kunne produsere meriterande arbeid vil som regel vera omframt finansierte prosjekt. Det er ikkje flust med slik midlar som tilflyt musea, men det kan ligge eit par slike prosjekt i tilsegna frå Ryfylkefondet (sjå ovanfor), og vi har erfaring for at det går an å oppnå støtte til slike tiltak også frå andre.

## **SAMARBEID**

Departementet legg vekt på at forskingsaktivitet bør skje i samarbeid med andre museum eller forskingsmiljø. Dei nasjonale nettverka er dei mest nærliggande miljøa for etablering av samarbeidstiltak. Av desse er det i Byggnettverket vi har størst utveg til å påvirke prioriteringar og arbeidsmåtar ettersom vi leier dette nettverket. Vi gjer nedanfor greie for eit tiltak som vi arbeider med for realisering alt i 2014.

Vi er ved inngangen til 2014 i ferd med å inngå samarbeid med Muzeum Rolnictwa w Ciechanowcu i Polen om eit prosjekt som skal ha til formål å utforske metodar for gjennomføring og dokumentasjon av bevaringsarbeid på tømra bygningar.

## **BEHOV FOR PRIORITERINGAR**

All erfaring og alle styringssignal tilseier at vi bør avgrense talet på aktuelle forskingsprosjekt. Det vil dessutan vera slik at vi lettast får resultat av innsatsen på område der vi har materiale eller kunnskap frå før. Dette talar for at vi heller bør søke å spisse forskingsarbeidet vårt, heller enn å spreie det på for mange tema, men det kan vera vanskeleg å få til i ein så mangslungen region som Ryfylke. Det kan likevel sjå ut til at følgjande område kan vera dei mest aktuelle å utvikle forskingsprosjekt innfor:



- Attstående prosjekt i den «pakka» som Ryfylkefondet har gitt tilsegn om støtte til. Men her er føresetnadane noe endra sidan tilsegna blei gitt. Tomateventyret på Ryfylkeøyane burde i høgste grad vera eit viktig tema, men vi er usikre på om det vil ha innverknad på tilsegna at også Finnøy er i ferd med å trekke seg ut av Ryfylke-samarbeidet. I Forsand har fokus endra seg frå sand og stein til kraftutbygging. Vi må avklare føresetnadane for eventuelle prosjekt på desse temaa med Ryfylkefondet.
- Dokumentasjons- og forskingsbasert vedlikehald av bygningar. Arbeidet med framhenting, dokumentasjon og vidareføring av den handlingsborne kunnskapen bør vidareførast og utviklast. Dette er eit arbeidsområde som har fått forsterka prioritet etter at Norge underteikna UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv.
- Produksjon av kunnskap om eigne samlingar, jfr. oversynet over innhaldet i årbøkene dei siste åra. Det er eit særleg behov for å granske historia til avdelingane på Håland og Li.
- Vi har etter kvart lang erfaring frå arbeid med problemstillingar knytt til utvikling av det kulturelle mangfaldet i bygdene. To problemstillingar kan vera aktuelle å arbeide vidare med: Integrering av arbeidsinnvandrarak frå Aust-Europa, og innverknaden av innvandringa på det norske bygdesamfunnet. Vi ønskjer dessutan å ha eit fokus på barn og barns oppvekstvilkår i bygdene, og ser at eit prosjekt som søker større forståing av sosialiseringa mellom barn frå ulike kulturar kunne vera både interessant og verdfullt.
- Industri og kraftforsyning er ein viktig del av arbeidslivet og næringsgrunnlaget i Ryfylke. Vi har tidlegare gjennomført relativt omfattande arbeid knytt til Ulla-Førre-utbygginga, har hatt eit sterkt engasjement i arbeidet med industristadarkivet i Sauda, og er nå inviterte til å vera med i arbeidet med å løfte fram kunnskapen om kraftproduksjonen i Lysefjorden samtidig som vi arbeider med 50 års saga for Røldal Suldal-utbygginga. Vi meiner dette er eit tema som må ha høg prioritet.
- Kommunikasjonane har alltid hatt topp prioritet på den politiske agendaen i Ryfylke. Da Ryfylkevegen var ferdig i 1965 markerte det slutten på eit tredveårig strev for å flytte transporten frå fjordabåtar til veg og ferje. Femti år seinare ser vi slutten på den neste epoken som har hatt som mål å gi Ryfylke fastlandssamband til byen. Det starta med Rennfast i 1992 og vil slutten med opninga av Sandsfjordbrua i 2015 og Ryfast i 2019. Vi tenkjer at dette er ei omlegging som er så vesentleg at ho burde dokumenterast og granskast.
- Rennesøy kommune har bedt oss hjelpe til med å formidle kunnskap om Fjøløy fort. Her er kunnskapsgrunnlaget svakt hos oss, både når det gjeld generell krigshistorie, og når det gjeld Fjøløy fort og festningsanlegga i Ryfylke spesielt. Det vil vera behov for

eit omframnt finansierte prosjekt for å få fram eit kunnskapsgrunnlag av noe omfang som grunnlag for eit formidlingsprosjekt på Fjøløy.

- Vi har tatt på oss oppgåva med å etablere eit senter for barnekultur, og har så langt lagt vekt på å utvikle ulike formidlingstiltak retta mot barn og unge. Skal vi utvikle eit breiare kunnskapsgrunnlag for denne aktiviteten vil det krevje forskning på barnekultur i bygdene. I førearbeida til senteret har vi peika på at vi bør ha med oss eit mangfaldsperspektiv i arbeidet med barnekulturen. Vi ser såleis at forskingsaktivitet der vi ser på kva som skjer med barnekulturen i møte mellom norske barn og migrantar kan vera eit viktig bidrag til kunnskap om samfunnsforminga.

## HANDLINGSPROGRAM 2014-2017

Det vil bli arbeidd med utvikling, finansiering og gjennomføring av følgjande prosjekt i perioden 2014-2017:

- **Bygdebok for Suldal – Gardar og folk i Suldal.** Det er gjort avtale med Suldal kommune om prosjektet som startar på nyåret 2014.
- **FOLK i Ryfylke.** Prioriterte tema er Håland og Li.
- **Ferjefylket.** Skal vi få med oss slutten på ferjeepoken hastar det med å komma i gang. Vi har søkt Rogaland fylkeskommune om støtte til prosjektet frå RUP-midlane, og vil arbeide for ytterlegare finansiering.
- **Tradisjonshandverket.** Vi driv eit kontinuerleg arbeid med å dokumentere og vidareføre den handlingsborne kunnskapen innafor tradisjonshandverka. For å styrka kompetansen er det behov for å søkje meir kunnskap i ståande bygningar, då særleg uthusbygningar. Det er særleg viktig på bygningar som står for fall at ein får registrert og dokumentert ulike byggemåtar, verktøyspor, bruk spor og mulege inskripsjonar.
  - Gjennom restaureringsarbeidet hittil har det særleg kome fram behov for å auka kunnskapen på høvelmaking og høvelbruk, og ein studie av strykebenk (skottbenk).
  - Bare gjennom bruk kan ein sjå kva som skal til for at høvelen skal fungera. Dette er kunnskap som veldig få kan, og som krev handverksforskning av handverkaren for å henta opp att og føra vidare.
  - Det har lenge vore ønskje å lære meir om tekking med bord. Her må det til ein grunnleggande dokumentasjon av restar av ståande tak og intervju me mulege lokale og nasjonale informantar om materialkvalitet, reiskap og bruk.

- Det innhenta materialet på dei ulike områda må prøvast ut i rekonstruksjonar av tradisjonsbygg for å komma nærare den gamle kunnskapen. Slike arbeidsarenaer er godt eigna som formidlingsarena for vidareføring av handverket.
- I inneverande periode vil det bli lagt om nevertak på fleire av våre bygningar. Det vil vidare vera behov for restaurering og rekonstruksjon av uteløa og eldhuset på Hustveit, og bordtak på naustet på Kolbeinstveit og fjossvåla på Røynevarden.
- **Vasskrafta.** Vi har gjennomført, held på med og er i utgreiingsprosessar om dette temaet. Ferdigstilling av forprosjekt om Lysefjorden i februar 2014 kan føre til konkretisering av nye prosjekt.
- **Det kulturelle mangfaldet.** Høgt prioritert tema i dei nasjonale føringane for museumsarbeidet. Vi vurderer utvikling av problemstillingar og prosjekt der vi ser barnekulturen i eit mangfaldsperspektiv. Vi vil avklare og konkretisere tema for søknad om omfram finansiering i 2014
- **Tomatøyane.** Vi må avklare om tilsegna står ved lag dersom Finnøy går ut av Ryfylke-samarbeidet. Dersom det står ved lag må vi utarbeid prosjektomtale.
- **Fjøløy fort.** Forprosjekt, eventuelt prosjektomtale blir utarbeidd i 2015/2016.

I tillegg til desse tema, men også som eit middel for å utvikle kompetansen, har vi som eit mål at gjennomføring av prosjekta skal bidra til kvalifisering for konservator og førstekonservator NMF for fleire av dei tilsette.